

Lars Aasbø skriver om skyting og om sin bestefar, industrimannen og skyttaren



Peder Tellefsdal (1880 – 1968)

I 1902 var bestefar "på moen". I "Norges skyttere i ord og bilder" (1954) fortel han: "Vår kaptein på moen, Omholt, ga meg en veldig interesse for skyttersporten, og det skyldtes ikke minst ham at jeg har gått så sterkt inn for denne sporten." I åra som følgde fekk han mange premiar. Den han sette mest pris på av dei alle, var den han tok på sitt første stemne, mens han var i 1. klasse. Det var Borgernes gavepremie i Arendal i 1906, ei stor suppeause i sølv.

Skyttersporten starta nølande i Aust-Agder, eller Nedenes amt, som var namnet før 1918. Tvedstrand skytarlag var først ute, i 1860, og innmeldt i Centralforeningen, som blei skipa i 1861. Gjerrestad skytterlag kom med i 1866. Det blei litt til og frå med det organiserte arbeidet i skytarlaga, men det var likevel flinke skyttarar og dyktige jegerar i bygdene i amtet. I 1863 utlyste Centralforeningen ein konkurranse om kven som var beste rovdyrjeger i landet. Ingen frå dette amtet kom på premielista, men mange av dei fekk god omtale, såleis var det ein jeger i Åmli som hadde skote 25 bjørnar. Etter kvart voks folkevæpningstanken fram også i Aust-Agder. Ein komite innbaud skytarlaga til eit møte i Arendal, og der blei Aust-Agder folkevæbningssamlag danna i 1882 med 13 skytarlag, her var også skytarlaget i Gjerstad med. Det var ikkje alltid så greitt å rekruttere medlemmer til "skydeforeningene", riflene var dyre og ammunisjonen kosta også ein del, somme fann det urett å "kaste penge bort på sådan unyttig indretning", som det stod å lese i Fædrelandsvennen i 1880. Men skribenten der meiner at "skytterlagene landet rundt tvert om må i flere retninger kaldes "nyttige indretninger", thi for det første skaffe de så vel de eldre som de yngre en gavnlig og i sit væsen aldeles uskyldig adspredeelse, og dernest har de det for landet viktige og alvorlige formål at gjøre hver mand våbenfør. Det trænges til alle tider, at man kan og "vil værge sit land"; "husker bare, hva som hændte ned på Fredrikshald", og, "da baunen brændte, og budstikken løb fra grande til nærmeste grande". Og hermed være skyttersagens fremme anbefalet alle, som føler varmt for fædrelandet." Frihandsskyting var viktigaste øving, nokon lag dreiv også med litt gymnastikk og eksersis, eit enkelt lag også med songøvingar. Frå og med 1883 blei det halde årlege fellesstemne, av og til kalla amtsstemne, eller samlagsfest rundt om i fylket. I 1886 var Gjerstad skytarlag vertskap. I 1893 gjekk

Folkevæbningssamlaget over til Det frivillige Skyttervesen, og me fekk Austagder skyttersamlag.

Det har vore skytarlag i Gjerstad på forskjellige stader frå 1866. Bestefar vart valt til formann i Eikeland skytterlag i 1914, og bortsett frå 1916, 1920 og 1921, hadde han dette vervet til 1923, då laget blei nedlagt. I 1924 var han medlem i Vegårshei og året etter i Søndeled skytterlag. Etter at Gjerstad skytterlag kom i gong igjen, stod bestefar som medlem der. Han skaut i klasse 3 heilt fram til 1948, i klasse 2 i 1949 og 1950, og så i klasse 3 nokon år. Siste gong han er oppført som klasseført skyttar, er 1957. 77 år gammal og i klasse 3! I 1911 vann han Den norske Skyttermedalje i sølv, og gylt medalje i 1919. I 1916 arrangerte Austagder skyttersamlag sitt samlagsstemne på Eikeland. I den samanheng blei det halde "ombudsmøte" (årsmøte) for samlaget, og bestefar møtte der som "ombud" for Eikeland skytterlag. Han var også styremedlem i Austagder skyttersamlag frå 1918 til 1930, og representerte skyttersamlaget på Skyttertinget i Stavanger i 1928. Saman med 4 andre fekk bestefar i 1967 overrakt Samlagets fortjenstemedalje for god innsats for skyttarsaka i lag og samlag. Denne utmerkinga var det berre Nils Mosberg, Vegårshei, som tidlegare hadde fått.